

Info om dommarar på miniputtcup

Haustens siste miniputtcup går av stabelen i helga. Vi brukar ferske klubbdommarar i alderen 13-14 år til å avvikle kampane.

For dei fleste av dommarane, er dette eitt av dei første møta med dommargjeringa og vi oppmodar både lagleiarar og tilskodarar om å gjere det til ei positiv oppleving for dei. Dei fleste er sikkert usikre og nervøse.

Dommarane har fått desse instruksane før cupen:

- * Keeper har lov til å ta tilbakespel i nevene. (Vi velger å tillate dette i miniputt.)
- * Keeper skal ikkje spele ut over midten, det gjev frispark til motstandar på midten.
- * Ved 4-målsleiing, får laget som ligg under sette innpå ein ekstra.
- * Pressfri sone når keeper skal sette i gang:
 - Laget skal trekke tilbake til eigen halvdel.
 - La keeper kaste/trille ut, ikkje press før ball er motteke.
 - Keeper skal få starte på nytt viss ikkje dette skjer.

Spesielt om 3arfotball, som dei minste spelar:

Banen er 15x10m og avspark ved start og etter mål skjer frå midten.

Også her får lag som ligg under med 4 mål setje inn ein ekstra spelar (berre ein).

Det er ikkje pressfri sone i 3ar.

Det er ikkje straffespark i 3arfotball. Og vi brukar innspark i staden for innkast.

Det er ikkje corner i 3arfotball. Går ballen over mållinja, er det målspark.

All igangsetting er indirekte (kan ikkje skyte direkte i mål på frispark, avspark, innspark).

Råd og tips til lagleiarane og foreldra:

- * Ver positive og oppmuntre, sjølv når dommaren gjer feil.
- * Oppmuntre dei til å blåse hardt i fløyta.
- * Gje ros for gode avgjerder.
- * Viss dommaren blåser, men spelarane ikkje får det med seg, hjelper vi til.
- * Viss dommaren IKKJE blåser, så går vi foreldre IKKJE inn og overprøver det!
- * Dommaren bestemmer, og vi må godta at dei av og til gjer feil.